Reidar Fristad vert tilrådd som fast representant i styret i SEKOM sekretariatet.

KOM-022/14 VEDTAK:

1. Walter Gundersen får fritak frå vervet som 1. vara til kontrollutvalet
 - a) Kommunestyret vel Reidar Fristad som ny 3. vara til kontrollutvalet.

2. Walter Gundersen får fritak frå vervet som styremedlem i SEKOM-sekretariatet.
 - b) Kommunestyret ve Reidar Fristad som fast representant i styret i SEKOM sekretariatet.
3. Dei nye representantane er valde så lenge Walter Gundersen er tilsett i Askvoll kommunen, eller til ny valperiode. Dersom tilsetjingsforholdet opphøyrer i løpet av inneverande valperiode trer Gundersen inn att i verva.

10/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat
Dato: 31.04.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet i Askvoll Kommunestyret	10.04.2014	10/14 -	Nei Ja

Saksvedlegg.

Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal oversendast til kommunestyret for handsaming/vedtak.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eld, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Askvoll kommunestyre

UTKAST

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Askvoll kommune har i 2013 vore samansett slik:

Medlemer

Jorunn Ringstad (leiar)

Ole Andreas Myrstad (nestleiar)

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Jarl Haugen

Varamedlemer:

Walter Gundersen

Jorunn Blom Aalen

Fritz Hugøy

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Askvoll hatt tre møte der det er handsama i 17 saker.

Kontrollutvalet har i 2013 handsama plan for forvaltingsrevisjon 2012-2016, og denne vart vedteken av kommunestyret i møte 11.03.2013 sak 019/13.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har utanom kontrollutvalsmøte vore representert på følgjande arrangement for kontrollutval: ??

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet: Skriv og meldingar, Oppfølgingsliste og Eventuelt.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama: Møteplan for kontrollutvalet 2013, Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet og Årsrekneskapen 2012 for Askvoll kommune.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom at revisor har orientert om revisjonsarbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen for Askvoll kommune og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Askvoll, 10. april 2014

Jorunn Ringstad
Leiar

Ole Andreas Myrstad

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Jarl Haugen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

11/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – INNKJØPSFUNKSJONEN – ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 31.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Askvoll	31.01.2014	05/14	Nei
Kontrollutvalet i Askvoll	10.04.2014	11/14	Nei
Kommunestyret		-	Ja

Saksvedlegg.

Revisjonsrapport datert 24.02.2014: Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune.
Brev datert 03.04.2014 frå Askvoll kommune v/rådmannen til KRYSS revisjon

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Vedlegg til brev datert 03.04.2014 frå Askvoll kommune, vert delt ut i møte.
Kommunelova.
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
RSK001.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Forvaltningsrevisjonsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune vert teke til orientering.
2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følge opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – INNKJØPSFUNKSJONEN – ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av Revisjonsrapport: «Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune»

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

"Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)."

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

"Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

Kontrollutvalet vedtok 09.03.2012 i sak 07/12 at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt «Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune», Tinging vart sendt KRYSS-revisjon.

I sak 05/14 Forvaltningsrapport – Innkjøpsfunksjonen, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.1.2014, vart det gjort følgjande vedtak:

Saka vert utsett til nytt møte i kontrollutvalet 10.4.2014

Endeleg rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet vart levert 24.02.2014. Rådmannen kom med sine kommentarar til endeleg rapport i brev datert 03.04.2014.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

SEKOM-sekretariat ser det som naturleg at kontrollutvalet vert informert om korleis administrasjonen føl opp funna i rapporten, og dette er teke med som punkt 2 i framlegg til vedtak. Dette gjev i tilfelle kontrollutvalet og rådmannen høve til direkte dialog om rutinar på innkjøpsområdet.



KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Askvoll Kommune

"Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune"

Endeleg rapport levert: 24.02.2014

INNHALD

Samandrag av rapporten:	3
INNLEIING	4
.1.1 Faguttrykk og forkortingar i rapporten	4
.1.2 Oppdragsmandat	4
.1.3 Avgrensinga og presiseringar	4
BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	4
Formål og problemstillingar	4
.1.4 Vår oppdragsforståing, Avgrensing og tolking av problemstillingane	4
Kriterier	5
METODE	6
FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	6
Organisering av innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune.	6
Rutiner vedr innkjøp og SFFI avtala.	6
Kunnskap om regelverket – LOA og FOA i Askvoll kommune	7
KOFA	7
Praktisk etterleving av SSFI – innkjøpsavtalar	8
Vurdering	8
Konklusjon	9
Tilråding	9
FAKTA:	10
Gjennomgang av kommunen sine kjøp i driftsrekneskapen	10
Innleiing	10
Faktagjennomgang	10
Vurdering	11
Konklusjon	12
Kontrollen av dei utvalde investeringsprosjekta	12
Vurderingar	14
Konklusjon	15
RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA	16
REFERANSAR	16
VEDLEGG 1	17
Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	17
Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen	17
VEDLEGG II	18
REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	18
Generelt	18
Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet	18
.1.1 Utleiing: Frå kjelder til kriterium	18
.1.2 Hovudprinsipp i lov og forskrift om offentlege anskaffingar	18
.1.3 Kva del av forskrifta gjeld ?	19
.1.4 Innafor eller utanfor rekkevidda av anskaffingsregelverket.	20
.1.5 Interne styringsdokument	21

SAMANDRAG AV RAPPORTEN:

I denne forvaltningsrevisjonsrapporten var vårt mandat etter tinginga frå kontrollutvalet i Askvoll slik: Følgjer Askvoll kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etablert rutinar for å sikre dette.

I vår revisjon av dette omfattande mandatet har vi påvist at det vert handla i monaleg omfang frå andre leverandørar enn dei kommunen har rammeavtale med. Opp mot 34 % av matvarekjøp vart gjort utanfor rammeavtalane i 2012. Vi konstaterte at innkjøpsreglementet for Askvoll kommune ikkje tillater slike kjøp. Kjøp utanfor rammeavtalen vart gjort av alle einingar som vart kontrollert i denne forvaltningsrevisjonen.

Vi såg elles i denne revisjonen at det er eit så stort omfang av feil og manglar i innkjøp at vi meiner det har karakter av systemsvikt. Feil og manglar ved innkjøp er påvist i alle einingar. Vi har ikkje sett at det er etablert rutiner som systematisk overvaker og rapporterer korleis kommunen etterlever sentrale krav i lov, forskrift og eige innkjøpsreglement.

I vår kontroll av tre investeringsprosjekt såg vi mykje av det same som for kjøp i driftsrekneskapen. Dokumentasjonen på regeletterleving er ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Det er med eit unntak ikkje framlagt forskriftspålagte protokollar, og heller ikkje anna dokumentasjon som kan syne om alle krava i FOA til eit kjøp er følgt.

Denne revisjonen syner at Askvoll kommune har eit stort potensial for forbetring når det gjeld anskaffingar.

Rapporten viser at det er manglar i Askvoll kommune sine dokumentasjonsrutiner i prosessane kring innkjøp.

Fråværet av protokollar etter reglane i FOA er etter vår vurdering alvorlege brot på regelverket for offentlege anskaffingar.

I arbeidet med rapporten har vi fleire konklusjonar og tilrådingar. Dei bør vurderast nøye i arbeidet med å gjere naudsynte forbetringar på innkjøpsområdet i Askvoll kommune.

INNLEIING

Bakgrunnen for prosjektet er at Askvoll kommune til like med resten av kommune Norge kjøper varer og tenester for monalege summar kvart år, og det er ynskjeleg med ei vurdering av kommunen sin praksis målt opp mot regelverket for offentlege anskaffingar. Anskaffingar er eit risikofylt område med eit til dels komplisert regelverk og dynamisk rettsutvikling. Det kan illustrerast med at det i dei seinare år har vorte avdekka både etiske brot og lovbrot i offentlege innkjøp.

Føremålet med dette prosjektet er jf. tinginga å få vurdert innkjøpsfunksjonen i kommunen. Oppdragsmandatet inneber at vi innafor dei tildelte ressurstimane skal svare på om Askvoll kommune etterlever regelverket for kommunale innkjøp i tillegg til at vi er bedne om å kontrollere om det er etablert rutinar for å sikre innkjøpa. Oppdraget er formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

.1.1 Faguttrykk og forkortingar i rapporten

LOA tyder: Lov om offentlege anskaffelser

FOA tyder: Forskrift om offentlege anskaffelser

.1.2 Oppdragsmandat

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Askvoll kommune. Oppdraget er formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

.1.3 Avgrensinga og presiseringar

I og med at prosjektet vart forseinka, har vi vald å gjere våre detaljkontrollar mot rekneskapen for 2012. I tingsingsdokumentet frå kontrollutvalet er aktuell problemstilling i sin ordlyd altomfattande. Reglane og føringane for kommunale innkjøp er omfattande og til dels komplisert. Vi har difor måtte gjere nokre avgrensingar på val av kriteriar. Det har medført at vi har operasjonalisert problemstillinga sin ordlyd på ordet «regelverket» til å gjeld heilt spesifikke og utleia «skal»- krav. Sjå punkt 5.2.

BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

Formål og problemstillingar

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingsingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 14.3.2012. Det vert der synt til at dei styrande organa i Askvoll kommune ynskjer ei vurdering av innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune. Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet er å undersøkje om Askvoll kommune etterlever reglane i LOA¹ i sine innkjøp.

.1.4 Vår oppdragsforståing, Avgrensing og tolking av problemstillingane

Ordlyden i problemstilling 1 er slik:

”Følgjer Askvoll kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etablert rutinar for å sikre dette»

Problemstillinga er slik ho står vid og altomfattande. Grunna tida stilt til rådvelde for denne revisjonen vert oppdragsmandatet avgrensa slik: Vi vil sjå på korleis innkjøp er organisert og kva

¹ LOA = Lov om offentlege anskaffingar

rutinar som er etablert. Vi vil sjekke ansvar, teneste og konto i rekneskapen mot leverandørregisteret og revidere utvalde innkjøp basert på vare eller tenestekjøp. Det har som konsekvens at vi vil sjå på alle tenestene registrert i kommunerekneskapen med fokus på sum nivå per type utgift. Vi vil då ikkje sjå inngåande og grundig på utvalde tenester. Dette vel vi å gjere grunna vår forståing av føremålet med tinginga. Vi avgrensar også våre handlingar til å gjelde spørsmål om konkrete og utvalde kriterier frå lovverk og kommunale styringsdokument.

I og med at Askvoll kommune er med i samarbeidsordninga SFFI² vil vi også sjå på om kommunen nyttar avtalane i sine innkjøp. Vi avgrensar her våre kontrollar til å gjelde varetypen matvarer.

Vi vil til slutt avgrense våre kontrollar mot investeringsprosjekt, til å omfatte kontroll av protokollførsel³, skatteattest og HMS erklæring.

Kriterier

Kravet om konkurranse (gjeld alle kjøp uavhengig av sumstorleik)

I FOA § 3-1 framgår det at kravet om konkurranse gjeld uansett kva prosedyre ein vel i anskaffinga. Kravet til konkurranse er prisuavhengig-. I same forskrift § 8-1 står skildra kva eit konkurransegrunnlag skal innehalde. Det gjeld for kva som skal anskaffast, prosedyre og kva kriterier som vil bli brukt for tildeling av kontrakt, korleis tilboda skal utformast og fristar og kontraktsbetingelsar. Viktig å merke seg at utvelging av kvalifiserte tilbydarar og tildeling av kontraktar skal skje å grunnlag av objektive og ikkje- diskriminerande kriterier⁴

I innkjøpsreglementet⁵ til Askvoll kommune vert det slått fast at kommunalt tilsette med innkjøpsmynde skal om mogleg innhente prisar frå minst to leverandørar på alle kjøp under 10 000

Lokalt krav til protokoll⁶ (gjeld kjøp mellom 10 000 og 100 000 kr)

Lokalt krav om plikt til kunnskap om og etterleving av LOA, FOA og innkjøpsreglementet

Lokalt krav til pliktig kjøp frå leverandørar omfatta av innkjøpsavtalar

Kravet til protokoll, skatteattest og HMS erklæring (kjøp over kr 100 000)

I FOA § 3-3 nr 1 går det fram at norske leverandørar som leverer tilbod skal framlegge skatteattest for skatt og mva. I § 3-4 vert kravet om HMS egenerklæring fastslått.

LOA § 5.

Denne paragrafen innebær at kommunen mellom anna må sikre at omsynet til dokumentasjon av vurderingar, beslutningar og handlingar er ivareteken.

² SFFI er samarbeidsordninga Sogn og Fjordane felles innkjøp

³ I ein protokoll oppsett som vedlegg 3 og 4 i FOA vil omsyna til kunngjering, konkurransekriterier mm vere innbakt

⁴ LOA § 5, 4. ledd

⁵ Gjeldande for kontrollert år – 2012. Innkjøpsreglementet har seinare vore gjenstand for revisjon.

⁶ Opphavleg og gjeldande for kontrollert år – 2012. Innkjøpsreglementet er seinare sumregulert og i mars 2013 revidert. Nytt revidert innkjøpsreglement har ikkje krav til forenkla protokoll på kjøp mellom 15000 og 100000

METODE

Forutan oppstartsmøte med rådmannen har vi teke utplukk frå leverandørstatistikk frå 2011 og analysert denne. Vi har elles nytta dei rutiner og relevant styringsinformasjon så langt det har passa inn i arbeidet. Vi føreset i vårt arbeid at vi har fått tilgang til og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, og analyse av økonomidata .

FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Organisering av innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune.

Askvoll kommune er organisert med ei blanding av etatar og einingar med rådmann som toppleiar.

I følge dokumenta vi har innhenta frå kommunen har Askvoll kommune eit eige innkjøpsreglement. Innkjøpsreglementet skildrar detaljert og klårt kva pliktar og handlingar dei tilsette som er involvert i ein kjøpsprosess (tilvisinga, attestasjonen, rekvisisjonen og kontakten med innkjøpsansvarleg, budsjettdekning behovsvurdering) skal gjere. Innkjøpsreglementet seier lite om kva ansvar som formelt er tillagt innkjøpsansvarleg. Det vi finn i reglementet er at ved innkjøp over kr 100 000 skal innkjøpsansvarleg verte kontakta. Det er ikkje sagt noko elles om kva rolle, ansvar og arbeidsoppgåver innkjøpsansvarleg har i det løpande innkjøpsarbeidet i kommunen.

I økonomireglementet for Askvoll kommune punkt 7 med overskrifta « sentrale system for kjøp og sal av varer og tenester» finn ein dei generelle økonomirutinene og krava stilt til handtering av kjøp av varer og tenester.

Det går her klart fram at innkjøp innafor delegerte fullmakter kan utførast for dei som er tildelt budsjettansvar og delegert tilvisingsmynde. Vi kan dermed fastslå at det i Askvoll kommune er ein desentralisert innkjøpsfunksjon med dei avgrensingar som føl av kommuneinterne retningslinjer og rutiner.

Rutiner vedr innkjøp og SFFI avtala.

Askvoll kommune er med i Sogn og Fjordane fellesinnkjøp. På SFFI sine heimesider står dette om tenestene : *Innkjøpstenesta har ansvaret for drift og utvikling av innkjøp og logistikk for fylkeskommunen og samarbeidsordninga Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI).*

SFFI tilbyr medlemskap til alle offentlege organ i fylket som etter nærare avtale kan knytte seg til ordninga. Innkjøpstenesta er basert på sentral styring og desentralisert innkjøp.

Hovudoppgåver

- * Sette mål, organisere og utarbeide planar for innkjøpstenesta*
- * Gje innkjøpsfaglege råd*
- * Drifte- og administrere innkjøpssamarbeidet i SFFI*
- * Gje tilbod om opplæring i lov og forskrift om offentlege nyskaffingar*
- * Inngå innkjøpsavtalar, implementere og følge opp avtalar*
- * Legge anbudsprosessen til rette for lokalt næringsliv*
- * Ta omsyn miljøkonsekvensar ved innkjøp*

Dette innkjøpssamarbeidet kostar Askvoll kommune om lag kr 34 000 i året. Kvar innkjøpar er sikra tilgang til innkjøpshandboka på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom egne passord. Innkjøpshandboka inneheld til ei kvar tid oversyn over gjeldande innkjøpsavtalar. Om fylkeskommunen inngår nye avtalar vert melding sendt til kommunen. I tillegg får Askvoll kommune ved tilbodsinnhenting alltid spørsmål om å vere med på tilbodet.

Kunnskap om regelverket – LOA og FOA i Askvoll kommune

Det står uttrykkeleg i innkjøpsreglementet og i økonomireglementet at alle kommunale innkjøp skal skje i høve gjeldande lover og forskrifter. I økonomireglementet punkt 7.1 vert det vist spesielt til LOA og FOA.

I Askvoll kommune er ei stilling som rådgjevar ved rådmannskontoret også tillagt ansvaret som innkjøpsansvarleg. I det ligg det implisitt at kunnskap om anskaffingsreglane både er formalisert og tillagt den som innehar stillinga.

Vi får elles opplyst gjennom datainnhentinga at opplæringa av tilsette med innkjøpsmynde skjer på fleire måtar. Mellom anna har innkjøpssjefen i SFFI vore i Askvoll kommune og tatt gjennomgangar på anskaffingsregelverket og innkjøpshandboka frå SFFI og innføring i praktisering/opplysning om DOFFIN portalen. Innkjøp og reglane kring dette har også vore tema på leiarmøte i kommunen. Vi får også opplyst at leiarnivåa har fått og vorte gjort merksam på rutineoversikta med relevante linkar på innkjøpsområdet som ligg på kommunen sitt digitale fellesområde.

KOFA⁷

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (forkorta KOFA) består av ei nemnd og eit sekretariat på totalt ti medlemmar. Nemnda er oppnemnt av Regjeringa og er samansett av advokatar og folk henta frå domstolane og universiteta.

Administrativt er sekretariatet ein del av Konkurransetilsynet og held til i tilsynet sine lokale i Bergen. Fagleg er sekretariatet imidlertid underlagt klagenemnda. Enkelte avgjerder er tillagt sekretariatet, mellom anna kompetanse til å avvise klager. Sekretariatet sine beslutningar kan påklagast til leiar av klagenemnda.

KOFA er eit organ som handsamar klager om brot på LOA. KOFA skiljer klagene i rådgjevande saker og gebyrsaker (direkte ulovlege anskaffingar). Vi siterer her frå heimesida til KOFA « *Rådgivende saker er klager på anskaffelsesregelverket der KOFA kun gir en rådgivende uttalelse om regelverket er brutt. For å kunne klage, kreves det såkalt saklig klageinteresse. Leverandører som har deltatt i en konkurranse om offentlige anskaffelser har saklig klageinteresse. Det samme gjelder leverandører som ønsker å delta i en konkurranse, men som mener at han på ulovlig vis har mistet muligheten til å delta.*

Det er et gebyr på 8000,- kroner for klagen. »

Vidare definerar KOFA gebyrsaker slik: « *Gebyrsaker er klager på ulovlige direkte anskaffelser. Dersom det offentlige (oppdragsgiver) anskaffer en vare eller tjeneste med verdi over 500.000 kroner uten å kunngjøre en konkurranse, kan dette i mange tilfeller utgjøre en ulovlig direkte anskaffelse.*

Alle kan bringe denne type saker inn for klagenemnda - det ordinære kravet til saklig klageinteresse gjelder ikke.

Det er et gebyr på 1000,- kroner for klagen. KOFA har siden 1. januar 2007 hatt myndighet til å ilegge overtredelsesgebyr for ulovlige direkte anskaffelser. Gebyrets størrelse kan være inntil 15 prosent av anskaffelsens verdi.

De "gamle" reglene vil således fortsatt gjelde for ulovlig direkte anskaffelser der kontrakter inngått før 1. juli 2012 kunne ilegge overtredelsesgebyr for ulovlig direkte anskaffelser, når kontrakten er inngått før denne datoen.

Det betyr at Kofa fortsatt i en overgangsperiode vil kunne ilegge overtredelsesgebyr for ulovlig direkte anskaffelse, når kontrakt er inngått før denne dato.»

⁷ For nærare informasjon om KOFA sjå: FOR 2002-11-15 nr 1288: Forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser

Nemnda skal bidra med å løyse tvistar om offentlege anskaffingar på ein uhilda, grundig og effektiv måte. Ei klage frå ein leverandør i tilfelle der det føreligg dom, eller det er meir enn seks månader sidan kontrakten vart inngått, vert avvist. Ein uttale frå KOFA i ei klagesak er ikkje juridisk bindande, men gjev eit så klårt signal at han vert lagt til grunn i dei aller fleste tilfelle. Mellom anna kan vi nemne at i ei sak for domstolen, er det normalt å tillate framlegging uttale frå KOFA i saka.

I fylgje www.KOFA.no har Askvoll kommune vorte innklaga 5 gonger. Klagar har fått medhald av KOFA i 3 av desse sakene.

Praktisk etterleving av SSFI – innkjøpsavtalar

I og med at Askvoll kommune er med i innkjøpssamarbeidet i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune, har vi sett på⁸ korleis kommunen nyttar desse avtalane. Føremønen med desse avtalane er jo mellom anna at kommunen veit at avtalen har kome i stand etter prosedyrar som ivaretek konkurransevilkåra etter LOA og FOA. Vi avgrensa denne delen av revisjonen til å sjå nærare på innkjøp av matvarer. I denne varekategorien er det fleire avtaler som gjev eit stort og variert tilbod om mat og drikke. Døme: Tine, Nortura, Servicegrossistene, Peder Jacobsen Saft og konserverfabrikk

I våre kontrollar ser vi at kommunen gjer kjøp med firma som er i konkurranse med dei leverandørar som det er inngått rammeavtale med. Det er ikkje framlagt understøttande dokumentasjon for at kjøp gjort av andre leverandørar har vore konkurranseutsett eller pristesta på annan måte. Det er mellom anna utbredt praksis på kontrollåret 2012 at fleire einingar handlar inn matvarer frå sin lokale nærbutikk. Vi laga ei spørjing i økonomisystemet Agresso der vi tok ut eit oversyn over saldo leverandørar på kontoen 11150 (matvarer) for 2012.

Matvarekjøp med avtale*	Kr 1 196 000	60,8 % av totalt matvarekjøp
Matvarekjøp utan avtale *	Kr 774 000	34,2 % av totalt matvarekjøp
Matvarekjøp totalt*	Kr 2 260 000	100 %

Vi gjer merksam på at tala i tabellen er avrunda, og småsummar registrert på personleverandørar er halden utanfor. Dei utelatne summene er på om lag kr 5 500

Som ein ser av tabellen vart det handla matvarer utanom rammeavtalane gjennom SSFI i eit stort omfang. Det er ikkje i samsvar med reglane i innkjøpsreglementet og økonomirutinene. Innkjøpsreglementet er klår på at før eit innkjøp vert gjort skal kjøpar undersøkje om kommunen har avtale for den aktuelle varetypa eller tenesta.

VURDERING

Askvoll kommune sin desentraliserte innkjøpsmodell gjer at ansvaret for innkjøp er fordelt på mange tilsette i kommunen. I og med at vi ikkje kan sjå av innkjøpsreglementet at innkjøpsansvarleg har ein formalisert aktiv rolle i form av kontrollar/rapporteringar frå innkjøparane i innkjøpsreglementet eller i økonomireglementet er det vanskeleg å gje ei kvalifisert vurdering av kva kontrollar og oppfølgingar som faktisk vert gjort frå rådmannsteamet i det daglege, på etterleving av rammeavtalane. Vi ser i den samanheng at det store omfanget matvarekjøp utanfor rammeavtalane, indikerer for svak styring med einingane sin innkjøpspraksis. Kva som er årsaka til dei monalege avvika frå rutinene har vi ikkje gått nærare inn på i dette prosjektet. Men slik vi ser det er det legitimt å spørje seg i kva grad einingane er medveten om og har kunnskap nok om føringane som ligg på innkjøpsområdet. Det er også rimeleg å spørje seg i kva grad øvste administrative leining har følgd opp einingane i forma av internkontrollar og krav om rapportering på innkjøpsområdet.

⁸ Nærare forklaring til kva rapportar vi har kjørt ut kan gjevast ved førespurnad

Etter vår meining er ikkje innkjøpsreglementet anten klårt nok på å tydeleggjere rollene og ansvarsstrukturen i innkjøpsverksemda..

Vi har under faktaskildringa vist til at vi ved våre kontrollar av rekneskapen har sett at kommunale einingar har handla matvarer frå konkurrerande aktørar til leverandørar dei har innkjøpsavtalar med andre gjennom SFFI. Det er i direkte strid med innkjøpsreglementet og økonomireglementet. I innkjøpsreglementet står det i punkt 3: « *Før det vert føreteke innkjøp må det undersøkjast om Askvoll kommune har ei avtale for denne type vare eller teneste. Dersom det finns ei slik avtale skal vara eller tenesta kjøpast hos avtaleleverandøren.* » I økonomireglementet punkt 7.1 finn vi denne formuleringa:» *Alle kommunale innkjøp skal skje i høve gjeldande lover og forskrifter. Askvoll kommune er også medlem av Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI). Sogn og Fjordane fylkeskommune, innkjøpstenesta inngår avtaler om kjøp på vegne av fylkeskommunen og medlemar av SFFI*»

Slik vi ser det, er det god grunn til å undersøkje kvifor innkjøpsavtalane ikkje har vorte etterlevd av einingane.

Konklusjon

Det er ikkje formalisert i innkjøpsreglementet kva rolle, ansvar og kva ansvarsdeling det skal vere mellom den innkjøpsansvarlege og tilsette elles med innkjøpsmynde.

Våre kontroller av rammeavtalane på varegruppa matvarer syner at det i einingane vert handla frå konkurrerande leverandører i eit monaleg omfang. Det er i strid med innkjøpsreglementet og økonomireglementet.

Tilråding:

- Det bør vurderast å formalisere i til dømes innkjøpsreglementet kva ansvarsfordeling det skal vere mellom dei tilsette med innkjøpsmynde og innkjøpsansvarleg
- Vi meiner rådmannen bør iverksetje dei tiltak som er naudsynt for å innskjerpe avdekka praksis. Etter vår oppfatning kan til dømes temaet bruk av rammeavtalene vere eit fast punkt på dei arenaer og i dei fora der tilsette med innkjøpsmynde møter.
- Det kan vurderast om innkjøpsansvarleg i samråd med økonomiavdeling bør rapportere til rådmannen på omfanget av kjøp med verksemder som leverar same type vare/teneste som dei kommunen har innkjøpsavtale med.

FAKTA: GJENNOMGANG AV KOMMUNEN SINE KJØP I DRIFTSREKNESKAPEN

Innleiing

I kontrollert år 2012 var det eit krav jf innkjøpsreglementet om ein lokalt tilpassa protokoll for kjøp mellom 10 000 kr og 100 000 kr. Sjå innkjøpsreglementet punkt 3 – *Kjøp av varer og tenester til ein verdi som lågare enn kr. 10 000,-*

Etter FOA var dette ikkje eit lovpålagt krav. Lovgjevar presiserer i FOA § 3 – 1 nr 1 at:» *Enhver anskaffelse skal så langt det er mulig være basert på konkurranse uansett hvilken anskaffelsesprosedyre som benyttes..»*

I Askvoll kommune var dei lokale reglane i 2012 strengare enn FOA på dette området. I innkjøpsreglementet⁹ punkt 3, 2. avsnitt første setning, vart FOA sin § 3-1 ytterlegare presisert. Det var der satt som krav at kjøp under kr 10 000,- om mogleg skulle være basert på innhenta prisar frå minst to leverandører.

Faktagjennomgang

I etterkant av vår gjennomgang av utkøyrde rekneskapsrapport sendte vi ein e-post til administrasjonen med 29 spørsmål på kjøp vi vi meinte var naudsynt å få svar på. Spørsmåla var ikkje avgrensa til utvalde einingar, og representerer difor mange av ansvarsområda i kommunen. Vi var klår over at nokre av spørsmåla våre ville gjelde kjøp omfatta av avtalane gjennom SFFI .

I alle spørsmåla bad vi om dokumentasjon på korleis hovudføremålet i LOA § 1 som seier «*Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling*» var ivarettatt.

Eit sentralt dokument i så måte er FOA sitt krav om anskaffelsesprotokoll. Som tidlegare skildra i denne rapporten hadde Askvoll ytterlegare innskjerpa lovgjevar sitt krav om protokoll på anskaffingar over kr 100 000. I Askvoll kommune var det for kontrollåret 2012 også eit krav om at alle kjøp av varer og tenester mellom kr 10 000 (seinare 15 000) og 100 000 skulle være dokumentert med eigen lokalt tilpassa protokoll. I same innkjøpsreglement punkt 3 stod det som ein ytterlegare presisering at eitkvart kjøp med sum under kr 10 000 skulle være basert på innhenta prisar frå minst to leverandørar.

Om kommunen etterlevde sitt eige styringsverk på innkjøpsområdet skulle attendemeldinga frå administrasjonen på våre spørsmål då være dokumentert med visning til innhenta prisar, rammeavtale, lokal protokoll, eller protokoll med skatteattest og HMS erklæring på kjøp over terskelverdiane etter FOA. Vi fekk tilsendt ein full brevordnar som svar på våre spørsmål. Vi føreset at svaret frå kommunen på våre spørsmål er fullstendig og vedlagt den dokumentasjon kommunen har.

Dei omspurde kjøpa frå driftsrekneskapen summerar seg til kr. 14 500 000 . Av våre 28 spørsmål som gjaldt drift, var det manglar i dokumentasjonen på 21 av svara frå rådmannen i høve . Det var td ikkje framlagt lokal protokoll der det krevst jf innkjøpsreglementet, og heller ikkje dokumentasjon på prisinnhenting på mindre kjøp jf innkjøpsreglementet.

Vi vel å ta for oss nokre av svara frå kommunen på våre spørsmål i denne rapporten.

⁹ Gjeldande i 2012. I 2013 vart kravet om forenkla protokoll fjerna i ein revisjon av innkjøpsreglementet

- Eit kjøp på kr 28 931 gjort av ein konkurrerande mineralvannleverandør på ansvar omsorgssjef til inngått rammeavtale. Kommunen konstaterer sjølv brot på rammeavtalen i sitt svar til oss.
- Kjøp på tilsaman 759 000 kroner frå eit elektrofirma registrert på ansvar omsorgssjef, bygg og eigedom og teknisk sjef. Kommunen skriv at dei ikkje har protokoll eller anna dokumentasjon som syner prisinnhenting.
- Eit kjøp på kr 403 000 som gjaldt pasientkøyring. I svaret vert det sagt at det ikkje finst andre tilbydarar av denne tenesta i kommunen med rett type køyrety. Det er ikkje lagt fram understøttande dokumentasjon . Det føreligg ikkje protokoll eller andre dokument som syner prisinnhenting.
- Eit kjøp på kr 400 000 som gjaldt billeige. I oversendt dokumentasjon syner kommunen til eit innkome tilbod. For vald leverandører det framlagt skatteattest. Det er ikkje framlagt HMS erklæring. Avtala er seinare erstatta med ein ny avtale med annan leverandør etter anbod. For denne avtala har kommunen lagt fram konkurransegrunnlaget på Doffin med krav om framlegging av skatte- og mva attest og HMS- erklæring. Protokoll med val av leverandør og dokumentert skatteattest og HMS- erklæring ligg også med.
- Vi spurde om protokoll på avtale med eit vikarbyrå der kommunen vart fakturert for 5,9 mill. kr.. Vi fekk som svar at denne avtala heller ikkje har vore på anbod. Kommunen skriv at avtala med dette firmaet utgjekk ved nyttår i år, og at dei har lyst ut ny konkurranse på kjøp av vikartenester.
- Vi spurde i vår e-post til kommunen om dokumentasjon i form av protokoll el på kjøp på 462 000 frå eit firma som har levert varer og tenester til veglys, vassverk, avlaup mm. Svaret frå kommunen er at det ikkje har vore gjennomført anbod eller på anna måte innhenta prisar.

VURDERING

Vi konstaterte i faktaskildringa at vi ikkje har motteke lokal protokoll og ein full protokoll¹⁰ med skatteattest¹¹ og HMS¹² erklæring der dette skal være jf innkjøpsreglementet. Det er slik vi ser det eit vesentleg brot på både lovverk¹³ og internt regelverk når kommunen gjer direkte kjøp utan konkurranse.

Det er etter vår oppfatning for svakt at kommunen i kontrollåret ikkje har etterlevd sine egne interne rutiner og FOA.

Rutinene i form av innkjøpsreglement og økonomireglement meiner vi er klare og gode. Gode i og med at dei er forankra i FOA. Det er etter vår oppfatning ikkje feil i rutinene. Det er praktiseringa av dei som har svikta. Svikten i rutinane gjeld heile organisasjonen. Vi har ikkje data som kan seie noko om kvifor det har vore såpass mange brot på lovverk og interne rutiner i samband med innkjøp. Det

¹⁰ FOA § 3-2

¹¹ FOA § 3-3

¹² FOA § 3-4

¹³ FOA § 3-1 nr 1

er noko vi meiner rådmannen lyt undersøkje og utgreie. Slik vi ser det er det uavhengig av årsakstilhøve eit klårt forbettringspotensial i heile kommuneorganisasjonen på innkjøpsområdet.

Konklusjon

Vår revisjon av innkjøpsområdet syner at Askvoll kommune i 2012 ved mange kjøp ikkje etterlevde reglane etter LOA, FOA og sitt eige innkjøpsreglement. Feila og manglane er av et så stort omfang og innafor så mange einingar at det har karakter av å være systemsvikt.

Tilråding.

- Det er etter vår meining påtrengande viktig å ta tak i utfordringane på innkjøpsområdet.
- Vi meiner dette må få rett fokus og prioritet i administrativ toppleing.
- Slik vi ser det kan ein grunnleggjande kartlegging av kunnskapen om og bruken av innkjøpsreglementet danne grunnlag for konkrete endringar ved innkjøp.

KONTROLLEN AV DEI UTVALDE INVESTERINGSPROSJEKTA

Innleiingsvis.

Dagens lov om offentlege anskaffingar vart gjort gjeldande frå 01.07.2001. gjeldande forskrifter om offentlege anskaffingar trådte i kraft 01.01.2007.

Det har tyding i den forstand at dei 3 byggjeprojekta vi har undersøkt i denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført etter januar 2007. Lova og forskriftene som gjeld i dag var også gjeldande for dei kontrollerte projekta.

Dei projekta vi bad om få tilsendt protokollen frå er desse:

Kvammen vassverk, Administrasjonslokale (også nemna som Askvoll rådhus ombygging) og Askvoll skule

Kvammen Vassverk

Kvammen vassverk var annonsert på Doffin 3 gonger som separate delprosjekt. Fyrste annonsering vart publisert på Doffin den 15.09.2009. Dette gjaldt anbod på prosjektering, anbodskonkurranse og byggjeleing.

Grunn- og byggjearbeider på Kvammen vassverk vart annonsert på Doffin den 05.03.2010. Til slutt vart delentreprisen Maskin og el. Styring annonsert på Doffin den 16.04.2010. Prosjektet som i rekneskapen til Askvoll kommune er ført på same prosjektnummer (1800) hadde ei totalramme på om lag 4 millionar kroner.

I vår e-post til Askvoll kommune bad vi om å få tilsendt protokoll for prosjektet. Om ein protokoll er rett utfylt av oppdragsgjevar har ein etterlevd kravet stilt i FOA vedlegg 3.

Frå administrasjonen har vi motteke fleire dokument som til dømes syner kven som har levert anbod og visning til annonsering i Doffin. Det er også vedlagt økonomiske oppstillingar og faglege vektingar¹⁴ i høve tildelingskriterier av innkomne tilbod.

Entreprisen Byggjeleing, anbodskonkurranse og prosjektering – Kvammen vassverk.

Vi har motteke dokument i form av saksutgreiing¹⁵ på at konkurransen er lyst ut på Doffin og i avisa Firda. Vi har også motteke vedtaket i plan og byggenemnda på val av firma som byggjeleiar. Det vi

¹⁴ Utført av firma som vart tildelt oppdraget som byggjeleiar

ikkje har fått jf innkjøpsreglementet og FOA er protokollen som dokumenterer dei viktigaste premissane, vilkåra, og dei faktiske vurderingane av innkomne tilbod på tildelingskriteriene som har avgjort val av leverandør. For vald leverandør har kommunen lagt fram HMS- erklæring og skatteattest.

Grunn- og byggjearbeider Kvammen vassverk

Dokumentet «Tilbudsprotokoll» syner at denne entreprisa vart annonsert på Doffin og i avisa Firda og på heimesida til Askvoll kommune. Det framgår ikkje av oversendt materiale kva konkurransegrunnlaget var for denne entreprisa.

Vald byggjeleiar samanstilte tilboda frå tre leverandørar, vekta¹⁶ desse og gav si tilråding på val av leverandør.

Plan- og byggenemnda sitt vedtak på val av leverandør vart lik tilrådinga frå byggjeleiar. Vi kan ikkje sjå at det er ført ein samla protokoll for anskaffinga slik innkjøpsreglementet krev.

Vi har ikkje motteke skatte- og meirverdiattest eller HMS erklæring på vald leverandør. Vi får opplyst i e-post frå rådmannen at desse attestane ligg hjå innleigd byggjeleiarfirma.

Kvammen vassverk: Maskin, el. styring

I dokumentet «tilbudsprotokoll» vert det synt til at denne entreprisa var annonsert på Doffin.

Vi har ikkje motteke dokument som syner konkurransegrunnlag og tildelingskriterier.

Som for grunn- og byggjearbeidene har byggjeleiar samanstilt innkomne tilbod og vekta desse.

Byggjeleiar har også i same dokument til kommunen tilrådd val på innkomne tilbod.

Plan- og byggenemnda sitt vedtak på val av leverandør vart lik tilråding frå byggjeleiar.

Vi kan heller ikkje her sjå at det er framlagt ein samla protokoll slik innkjøpsreglementet krev.

Vi har ikkje motteke skatte- og meirverdiattest eller HMS- erklæring på vald leverandør. Vi får også her opplyst i e-post frå rådmann at desse ligg hjå innleigd byggjeleiar.

Askvoll rådhus - ombygging

For prosjektet administrasjonslokale, eller Askvoll rådhus ombygging er samtlege dokumentasjonar utferdiga av innleigd prosjekt- og byggeleiingsfirma.

Dokumenta er i form av brev til rådmannen og samanfattar innkomne anbod frå firma med tilråding til val av entreprenør. Vi har også motteke dette firmaet sine budsjettoppstillingar og samanstillingar av anboda på varenivå og arbeid.

Dette prosjektet er delt i to. Ombygginga av lokala skjedde i 2007 – 2008 medan takteking av rådhuset vart annonsert som eit eige oppdrag. I denne entreprisa har innleigd firma laga ei oppsummering av innkomne anbod frå firma. I dette dokumentet er namn på tilbydar, sum og byggetid opplyst. Også her er det vedlagt eit brev til administrasjonen i Askvoll kommune med konklusjon og tilråding på oppdragstildeling.

Vi har ikkje motteke dokumentasjon på kunngjering, konkurransegrunnlag, eventuelle kvalifikasjonskrav, tildelingskriterier eller val av konkurranseform. Vi har ikkje motteke protokoll oppsett etter FOA sine krav. Det er ikkje framlagt skatteattest eller HMS erklæring frå valde leverandørar.

Askvoll skule

Dette prosjektet har vore lyst som fleire deloppdrag. Vi vil presentere desse med dei dokumentasjonar som ligg føre.

¹⁵ I dette dokumentet finn vi ikkje kven saksutgreiinga er frå. Saksutgreiinga syner til vedlagte kopiar. Desse relevante dokumenta er ikkje oversendt revisor.

¹⁶ Kva tildelingskriterier som ligg til grunn jf FOA § 13- 2 nr 2 er ikkje vedlagt i oversendt materiale frå kommunen

Delkontrakt Byggeleiarsteneste Askvoll skule rehabilitering

Oppdraget er dokumentert med protokoll jf Askvoll kommune sitt innkjøpsreglement. Heri ligg vurderingar gjort av administrasjonen på kvalifikasjonskrav og tildelingskriterier. Ein får opplyst val av innkjøpsmetode, kunngjeringsstad og kunngjeringsdato. Det går fram kor mange tilbod kommunen fekk og kven som vart tildelt oppdraget med grunngjeving. Det vi registrerar i så måte er at administrasjonen ikkje har fylt ut dato for tildelings/avslagsbrev, dato for kontraktsunderskriving og eventuell kunngjering av tildeling av kontrakta til Norsk Lysningsblad.

For vald leverandør er det framlagt skatteattest og HMS- erklæring.

Hovudentreprise og delentreprisar.

Samstundes som kontrakt for byggjeleing vart avgjort, var det eit anna firma, Byggstyring AS, som hadde oppdraget med prosjektering for Askvoll skule – rehabilitering byggjesteig 1.

Gjennom firma Byggstyring AS vart arbeidet med ombygginga utlyst med hovudentreprise og delentreprisar.

Vurdering av innkomne tilbod på hovudentreprisa (byggningsmessig arbeid) vart utført av Byggstyring AS.

Vurdering av delentreprisane ventilasjon og sanitær – varmeanlegg vart utført av firma Norconsult .

Vurdering av innkomne anbod på elektrotekniske installasjonar , heis og SD vart utført av firma NK Arnestad AS.

Alle vurderingane frå desse firmaene syner til innkomne tilbod.

Vi har ikkje motteke dokumentasjon på kunngjering, konkurransegrunnlag, eventuelle kvalifikasjonskrav, tildelingskriterier eller val av konkurranseform. Vi har ikkje motteke innkjøpsprotokoll oppsett etter FOA sine krav. Det er ikkje framlagt skatteattest eller HMS erklæring frå valde leverandørar. I fylgje rådmannen finst skatteattest og HMS – erklæring på valde leverandørar hjå Nordplan .

Vi har ingen informasjon om kvifor det har vore nytta tre forskjellige eksterne konsulentar (Norconsult, Byggstyring og Arnestad) i tillegg til byggjeleiarfirma Nordplan AS.

VURDERINGAR

Dokumentasjonen frå kommunen på dei tre investeringsprosjekta er slik vi ser det mangelfull.

I tillegg er ikkje motteke dokumentasjon på desse tre byggjeprosjekta konsistent etter vårt syn. Med det meiner vi at dokumentasjonen ikkje er av eins type og innhald. Det skil seg frå mangelfullt til bra. Eit bra døme er delkontrakta på byggjeleiarstenesta på Askvoll skule. Her har kommunen samanfatta dei sentrale opplysningane som skal dokumenterast i innkjøpsprotokollen. Medan vi i oversendt dokumentasjon på rådhusombygginga manglar sentrale opplysningar og dokument som kunngjering, konkurransegrunnlag, protokoll og skatteattest.

Vi meiner dette syner for svake dokumentasjonsrutiner. Det er etter vår vurdering ikkje gode nok rutiner og praksis på å arkivere dokumentasjon på investeringar på ein slik måte at dei er lett å finne igjen. Oppbygginga av dokumentasjonen bør slik vi ser det være fokusert kring eigne rutiner i innkjøpsreglementet.

Askvoll kommune har etter vår vurdering ikkje etterlevd godt nok eigne rutiner i innkjøpsreglementet og sentrale krav stilt i FOA og LOA.

Vi vil difor i denne vurderinga kort syne til ein sentral lovparagraf.

I LOA § 5 vert omsynet til at anskaffingsprosessen kan etterprøvast fastslått. Kravet i LOA§5 medfører at alle interesserte til einkvar skal tid ha moglegheit til å forsikre seg om at anskaffinga er gjennomført i samsvar med reglane som gjeld.

Det inneber slik vi ser det, eit krav om dokumentasjon av alle vurderingar, avgjerder og handlingar gjort av oppdragsgjevar gjennom heile anskaffinga.

I praksis tyder det at Askvoll kommune burde hatt og etterlevd dokumentasjonsrutiner i samband med innkjøp.

Innhaldet i slike dokument ville vore eit godt fundament i arbeidet med å lage protokoll etter FOA og innkjøpsreglementet. Vi har ikkje sett at slike dokument er framlagt i oversendt dokumentasjon frå Askvoll kommune. Vi har berre motteke 1 forskriftskravd protokoll med skatteattest og HMS erklæring. Det er etter vår meining ikkje godt nok. Slik vi ser det, demonstrerer manglande lovkravd dokumentasjon i desse byggeprosjekta, for store hol i evna til å omsette gode rutiner i faktiske handlingar.

Konklusjon

Vi konstaterer at det er vesentlege manglar i dokumentasjonen av dei tre kontrollerte byggeprosjekta med omsyn til regeletterleving. Kravet i LOA § 5 om at einkvar skal kunne undersøke om framgangsmåten til oppdragsgjevar ivaretek alle dei andre krava stilt i LOA og FOA er ikkje mogleg. Det fordi Askvoll kommune ikkje har dokumentert alle vurderingar, avgjerder og handlingar knytt til desse byggeprosjekta.

Rutinene i Askvoll kommune på innkjøpsområdet bør utvidast med eigne krav til gjennomgåande og fullstendig dokumentasjon av alle fasar i ein innkjøpsprosess.

Tilråding:

Vi tilrår at Askvoll kommune set i gang arbeid med å få dokumentasjonsrutiner etter LOA § 5. Dokumentasjonsrutiner for innkjøp generelt bør vurderast implementert i innkjøpsreglementet.

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Ligg vedlagt som eige dokument.

Førde, den 24.02.2014



Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning

REFERANSAR

Lov om offentlige anskaffelser
Forskrift om offentlige anskaffelser
Difi.no
Askvoll kommune økonomireglement
Askvoll kommune Innkjøpsreglement
www.KOFA.no
Diverse e-postutveksling mellom revisor og Askvoll kommune

VEDLEGG 1

RETTSLEG FORANKRING AV REVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i KommuneLOVA § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i KommuneLOVA § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla **"RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon"** (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig.

Vi har nytta kommuneLOVA § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit, slik vi vurderer det, korkje ved oppstart av eller langs med i utføringa av denne konkrete forvaltningsrevisjonen: Vi har ingen nærstående jf kl § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i reviderte kommune; det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

VEDLEGG II

REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

Generelt

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer mV. I mange tilfelle vil "beste praksis" også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ RSK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk m.a. i økonomihandboka til kommunen.

.1.1 Utleiing: Frå kjelder til kriterium

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

Hovudkjelda i denne forvaltningsrevisjonen er Lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Vidare står det i kommunelova § 23 nr 2, at administrasjonssjefen eller rådmannen skal syte for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at vedtak vert iverksett.

.1.2 Hovudprinsipp i lov og forskrift om offentlege anskaffingar

Lov om offentlege anskaffingar (LOA) og tilhøyrande forskrift (FOA) er rammeverket for korleis det offentlege skal gjere sine innkjøp. LOA sin føremålsparagraf (§ 1) seier mellom anna at det ikkje er anledning til å ta andre omsyn enn dei nemnt i paragrafen i innkjøp. Det tyder at omsyn til lokalt næringsliv¹⁷ ikkje er eit gangbart kriterium når ein kommune skal gjere eit innkjøp.

¹⁷ FOA § 3-1 (2)

Dei grunnleggjande vilkåra og krava til alle innkjøp uavhengig av sum framgår av LOA § 5. Desse er mellom anna:

- Ei anskaffing skal så langt mogleg vere basert på konkurranse.
- Krav til føreseielegheit er naudsynt for å skape tillit og auka konkurranse. Det kan best oppnåast ved å gje rett informasjon om premissar og vilkår for prosedyrane for innkjøpsavgjerda.
- Krav til transparens inneber at innkjøpsprosessen må vere open for å kunne sikre kravet om likehandsaming av tilbyderane.
- Krav til at prosessen er etterprovbar inneber at alle fasar av eit innkjøp er dokumentert skriftleg i form av protokollar eller andre dokument ved mindre kjøp.

1.3 Kva del av forskrifta gjeld ?

Kva prosedyrar som skal nyttast og kva delar for FOA som er relevant, vert hovudsakleg bestemt av samla verdi på anskaffinga (eks mva).

Del 1 av forskrifta gjeld alle anskaffingar som vert omfatta av forskrifta, uavhengig av verdi. Ved anskaffingar opp til kr 500 000 (omtala som direkte anskaffingar) kan kommunen velje å nytte berre denne delen av forskrifta.

I nokre tilfelle kan kommunen velje å nytte berre del I i forskrifta om anskaffinga har ein verdi på mellom 500 000 og 1,6 mill. kr. Dette gjeld i dei tilfelle dersom det kun finst ein leverandør i markedet, om det er ei hasteanskaffing og om eit tilbod frå ein leverandør er usedvanleg fordelaktig for kommunen. Sjå FOA § 2-1 (2). Kommunen kan også velje å berre nytte del I av forskrifta i kontrakter om utføring av helse- og sosialtenester som vert kjøpt frå ein ideell organisasjon. Sjå FOA § 2-1 (3).

Elles gjev FOA få uttalte krav til korleis ei anskaffinga skal gjerast. Det er mellom anna ikkje stilt krav til kunngjering etter FOA del I. For anskaffingar mellom 500 000 og 1,6 mill.kr (for bygge- og anleggskontrakter 40,5 mill. kr) gjeld FOA del II i tillegg til del I. Det krevst nasjonal kunngjering på Doffin¹⁸ for slike innkjøp.

Anskaffingar over 1,6 mill. kr vert omfatta av forskrifta del I og III. Desse skal utlysast i heile EØS – området. Ei slik utlysing må i tillegg til utlysning i Doffin basen også utlysast i TED.¹⁹

Alle anskaffingar over 100 000,- skal dokumenterast med protokoll. Forenkla protokoll for kjøp mellom 100 000 og 500 000 og fullstendig protokoll for kjøp over 500 000,-.

Det er viktig for alle kjøp, også dei under 100 000,- at kommunen dokumenterer skriftleg dei vurderingar som har hatt tyding for gjennomføringa av konkurransen, slik at tredjeperson eller klageorgan i ettertid kan få ei god forståing av vurderingane gjort av kommunen i sitt val av leverandør.

¹⁸ Doffin er ein nasjonal database

¹⁹ TED er kort forkla EU sin database for utlysning av mellom anna anbodskonkurransar innan EU og EØS – området ein databank

Tabell 2

Verdi av anskaffinga	FOA	Kunngjering	Prosedyrar	Dokumentasjon
0-500 000 kr	Del I	Ingen krav	Valfritt	0-100 000,- ikkje protokollplikt, men kravet til at etterprovbarheit gjeld. Kjøp over 100 000,- protokollplikt.
500 000- 1,6 mill kr	Del I og II	Nasjonal kunngjering (Doffin)	- Open anbudskonkurranse - Begrensa anbudskonkurranse - Konkurranse med forhandling	Protokoll
Over 1,6 mill kr	Del I og III	EØS-området (TED)	- Open anbudskonkurranse - Begrensa anbudskonkurranse - Konkurranseprege dialog - Konkurranse med forhandling	Protokoll

Reglane om berekning av terskelverdiar er fastsatt i forskrifta § 2-3. Hovudregelen er at verdien på ei anskaffing vert rekna på grunnlag av samla sum kommunen skal betale. Dersom anskaffinga inneheld fleire kontraktar, skal verdien av alle kontraktane leggst saman. Sjå FOA § 2-3 (1). Eit innkjøp kan ikkje delast opp for å unngå reglane i forskrifta jf. FOA § 2-3 (4). I same forskrift § 2-3 (8) går det fram at dersom ein kommune kjøper einsarta varer eller tenester, skal verdien av desse summerast. Nærare presisert tyder dette at verdien på ei kontrakt inklusiv eventuelle opsjonar skal bereknast for heile avtaleperioden.

1.4 Innafor eller utanfor rekkevidda av anskaffingsregelverket.

I utgangspunktet må ein kommune i forkant av eit kjøp vurdere forholdet til regelverket om anskaffingar.

Noko forenkla kan ein seie at anskaffingsregelverket gjeld i alle tilfelle der kommunen kjøper varer, tenester eller byggje- og anleggsoppdrag frå sjølvstendige rettssubjekt²⁰, med unntak for desse tilfella:

- Om oppgåvene er tildelt i det som vert kalla utvida eigenregi. Reglane om utvida eigenregi er utvikla av EU – domstolen.

I praksis tyder dette at ein kommune kan tildele eit oppdrag til eit IKS om IKS'et har 90 % eller meir av si omsetning til sine eigarar. Det same gjeld for heileigd kommunalt AS, med same

²⁰ Eit rettssubjekt er ei eining som kan få rettigheter og pådra seg plikter i henhold til rettsreglane. Rettssubjektet kommune inkluderar alle kommunale einingar/etatar og evt kommunale føretak. Kommunalt eigde selskap vert ikkje omfatta av rettssubjektet kommune

omsetningskrav som for IKS. Interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 vert også under visse føresetnader omfatta av unntaket.

- I dei tilfelle der oppgåvene er utført av ein annan offentleg verksemd som inngår i eit samarbeid med kommunen (offentleg – offentleg samarbeid). Også dette unntaket er utvikla gjennom EU – domstolen.

I dette ligg det at dommen i den såkalla «Stadtreinigung Hamburg» saka opnar for at anskaffingar som ikkje fell inn under det utvida eigenregi kravet og heller ikkje er ei anskaffing som inneber myndeutøving likevel ikkje vert omfatta av reglane for offentlege anskaffingar.

- Om dei tenester som vert anskaffa vert omfatta av dei såkalla myndeoppgåvene, dvs oppgåver der kommunen på ein eller anna måte utøver offentleg mynde. Typisk for desse oppgåvene er dei ofte ikkje kan fritt utførast av private næringsdrivande²¹

Dette unntaket frå virkeområdet til LOA kan gjelde til dømes samarbeid om gjennomføring av barnevernet sine einskildvedtak og oppgåver knytt til omsorgsovertaking. Andre døme kan vere skatteinnkrevjing og kommunale einskildvedtak knytt til tildeling av helse- og omsorgstenester.

Dei utvalde revisjonskriteria vil såleis bli henta frå lov- og forskriftsparagrafane og dokument utarbeidd av myndigheitsorgan med visning til lovverket. Kriteria vil verte vist til der dei naturleg høyrer heime i faktaskildringa og sjølv sagt i vurderingane.

1.5 Interne styringsdokument

I tillegg til LOA og FOA har kommunen sjølv etablert eigne kommuneinterne styringsdokument som gjev føringar og rutiner for kva og korleis eit kjøp skal utførast. Desse styringsdokumenta er nytta som grunnlag for å utleie kriterier i denne forvaltningsrevisjonen: Personalhandbok i Askvoll kommune punkt 7, økonomireglementet punkt 7 og Innkjøpsreglement Askvoll kommune.

I innkjøpsreglementet del II punkt 2 framgår det at om vara eller tenesta som skal kjøpast er omfatta av ein innkjøpsavtale, skal avtala nyttast.

I del II punkt 3 står det at eitkvart innkjøp med sum under 10 000 om mogleg skal være basert på innhenta pris frå minst to leverandørar.

Ved kjøp med verdi over 10 000 med under 100 000 kr skal det nyttast forenkla innkjøpsprotokoll. Ved kjøp over kr 100 000 skal innkjøpsprotokoll nyttast.

Innkjøpsprotokollen er bygd opp med alle dei vesentlege tilhøva og viktige beslutningane som ein innkjøpsprosess medfører jf FOA vedlegg 3 og 4. Krava i LOA § 5 er inkorporert i dei opplysningane som protokollfører skal gje i ei anskaffing. Kommunen sitt arkivsystem og arkivpraksis skal ved førespurnad gjenfinne alle dei dokument som er opplyst om i innkjøpsprotokollen.

I personalhandoka for Askvoll kommune punkt 7 side 9 går det fram at kommunale innkjøp må gjerast på ein slik måte at innbyggjarane, brukarane og leverandørane har tillit til kommunen. Innkjøpsmynde i Askvoll kommune føl tilvisingsmynda, som igjen heng saman med delegert budsjettansvar. Sjå økonomireglementet punkt 7.2.4.3. Rutina i Askvoll kommune er at tilvisingsretten vert delegert i eige skriv frå rådmannen. I delegasjonsskrivet går fram kven som får delegert innkjøpsmynde og på kva avgrensingar denne mynda har på konkrete ansvar.

²¹ Jf EØS avtalen artikkel 39, jf artikkel 32

Kryssrevisjonen
v/ Charles Litsheim

Vår ref.
13/462-9

Dykkar ref.

Arkiv
K1-216, K1-601

Dato:
03.04.2014

Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune - rådmannen sine kommentarer til endeleg rapport

Kryssrevisjonen
v/ Charles Litsheim

Vår ref.
13/462-9

Dykkar ref.

Arkiv
K1-216, K1-601

Dato:
03.04.2014

Eg viser til endeleg rapport av 24.02.14 om innkjøpsfunksjonen i Askvoll, motteke her 01.04.14.

Som ein generell kommentar vil eg peike på at saka har vore handsama i to møte i kontrollutvalet, med ein førebels og ein endeleg rapport.

I begge tilfella har rådmannen fått rapportane svært seint i høve til å gje tilsvar.

Eg viser til referatet frå oppstartsmøtet der det vert vist til revisjonsstandard RSK 001:

- *Administrasjonssjefen skal ha høve til å gje sitt syn på dei tilhøva som går fram av rapporten, gjennom ein høyringstidsrom på 14 dgr, før rapporten blir endeleg avlevert.*

Oppstartsmøtet for forvaltningsrevisjonen den 7. mai 2013, var eit informativt og godt møte med fokus på føremål og innhald i forvaltningsrevisjonen.

Det har diverre oppstått ein del mistydingar i samband med innhenting av data frå kommunen, jfr. oversendt materiale i epost 27.01.13.

For å unngå liknande problem i framtida, vil vi sette pris på presisering av omfanget av type dokumentasjon ein etterspør.

Sentraladministrasjonen
Postboks 174
6988 Askvoll

Tlf: +47 57 73 07 00
Org.nr. NO 964 968 330 MVA

postmottak@askvoll.kommune.no
www.askvoll.kommune.no

-rom for eventyr !

Revisor stilte mange spørsmål med omsyn til felles innkjøpsavtale SFFI der Askvoll er med i eit utval avtaler.

Åtte spørsmål gjaldt avtalar der Askvoll enten ikkje var ein del av eller dei aktuelle varekjøpa ikkje var omfatta av gjeldane avtale.

I vedlegg II – revisjonskjelder og kriterium pkt. 1.5 interne styringsdokument, er det nemnt at det i innkjøpsreglementet som gjaldt i 2012 var krav til forenkla innkjøpsprotokoll for innkjøp over kr.10.000,-

Den rette summen her er kr.15.000,-

Kommentarar til konklusjonar og tilrådingar

Praktisk etterleving av SFFI – innkjøpsavtalar

Revisor etterspør den formaliserte rolla innkjøpsansvarleg har i innkjøpsarbeidet.

Ansvar og mynde til å gjere innkjøp ligg til den avdelinga som har budsjett- og tilvisingsansvar. Dette er etter rådmannen si vurdering ei felles forståing av i organisasjonen.

Innkjøpsansvarleg si rolle i kommunen er følgjande:

- Kontaktperson for den felles innkjøpsavtala SFFI og koordinere med avdelingane svar på spørsmål til SFFI om kva for avtalar kommunen skal ta del i ved kvar ny anbudsutlysing.
- Ansvar for innkjøpsreglementet
- Vere rådgjevar for avdelingane når dei har spørsmål med omsyn til innkjøp
- Samordne opplæring om reglane for offentlege innkjøp.

Matvarer

Revisor har på bakgrunn av tal frå økonomisystemet konkludert med at nesten 40 % av matvarekjøpa vert gjort utanom rammavtalane gjennom SFFI.

Våre eigne tal er viser noko høgre tal på konto 11150 og at 65 % av matvarekjøpa vert gjort via innkjøpsavtala. Når det så vert teke omsyn til varer som ikkje kan kjøpast gjennom avtala, slik som brød, og kjøp av mat/servering i samband med politiske møter, kurs og liknande utgjer dette samla om lag 75 % av innkjøpt mat på konto 11150.

Det er likevel 25 % som truleg i stor grad kunne vore kjøpt via avtale, som vert handla hjå den lokale kjøpmannen.

Om tilrådingar frå revisor

- Rådmannen er samd i at ansvarsfordeling i organisasjonen kan gjerast tydelegare med presiseringar i innkjøpsreglementet, men er oppteken av å ikkje skape tvil om mynde og ansvar for dei som har budsjettansvaret.
- Det er trong for større fokus og kontroll med etterlevinga av den felles innkjøpsavtala. Rådmannen er oppteken av å ikkje lage for mange sjølvstendige rapporteringar og vil vurdere å legge dette inn som eit nytt kontrollpunkt i høve budsjettkontrollane kvar tertial eller dei månadlege økonomirapportane.

Kommunen sine innkjøp

Rådmannen er klar over at kravet om forenkla innkjøpsprotokoll for innkjøp mellom kr.15.000,- og kr. 100.000,- ikkje har fungert i praksis. Det har vore ein forståing i heile organisasjonen om at dette var vanskeleg å etterleve og kravet vart difor teke bort i det nye innkjøpsreglementet som vart vedteke i Kom-sak 20/13.

Kommentarane mine nedanfor knyter seg difor til terskelverdiane i forskrift om offentlege innkjøp og ikkje kommunen sine strengare krav som vart teke bort i 2013.

Revisor skriv i rapporten på side 10 at av 28 spørsmål i høve til driftsrekneskapen, var det manglar i dokumentasjonen på 21 av svara frå kommunen.

Rådmannen er ikkje samd i at dette gjev eit rett bilete av kommunen sin praksis og vil hevde at det vart gjort greie for svært mykje av dette i tilsvaret 19.12.13.

Dette dokumentet vert difor lagt ved som vedlegg til rådmannen sin uttale.

I fleire av desse sakene har revisor vurdert det samla innkjøpet i kommunen, utan å ta omsyn til at dette er sjølvstendige einingar med eige innkjøpsansvar. Om innkjøpet er i strid med regelverket vert påverka av dette då fleire av innkjøpa samla er over kr.100.000,- men for den enkelte eining er under terskelverdien for kravet om protokoll.

I denne samanheng vil eg vise til følgjande uttale frå Kofa i sak 2007/79

Hvorvidt de foretatte kjøp skal anses gjort av kommunen

- (32) *Det rettslige utgangspunktet er at kommunen utgjør det relevant rettssubjekt etter regelverket for offentlige anskaffelser, jf. lovens § 2 og forskriftens § 1-2 (1). De angitte sektorer/enheter som står for anskaffelsene i denne saken er ikke skilt ut fra kommunen som egne rettssubjekt og inngår dermed rettslig som en del av kommunens økonomiforvaltning.*
- (33) *De aktuelle sektorer/enheter i denne saken er i følge innklagede på den annen side enheter med selvstendig budsjettansvar og tilhørende selvstendig innkjøpsansvar. Innklagede har opplyst for klagenemnda at kommunen er delt inn i ulike sektorer, som igjen er delt inn i ulike enheter. Innenfor budsjettammen vurderer enhetene selv behovet for innkjøp og foretar innkjøp i tråd med behovet til den enkelte enhet. Klagenemnda har ikke mulighet til å overprøve hvorvidt alle enhetene som har gjort innkjøp, er selvstendige innkjøpsenheter. Men klager har ikke bestridt at innklagede består av selvstendige innkjøpsenheter.*
- (34) *Hvorvidt en slik desentralisert innkjøpsordning innen kommunen betyr at anskaffelser skal tilskrives hver enhet er ikke løst hverken i 2001- eller 2006-forskriften. Det er heller ikke tatt opp i de EØS-relevante direktiver som dekker innkjøpsperioden i saken (Dir 1993/36/EF frem til Dir 2004/18/EF som ble gjennomført i norsk rett ved forskriftsendringen i 2006).*
- (35) *Utgangspunktet er at de eneste lovlige unntakene fra anskaffelsesregelverket er de som fremgår av en naturlig fortolkning av regelverket eller domstolenes praksis. Det foreligger ikke rettspraksis, verken fra nasjonal domstol eller fra EF-domstolen, som berører spørsmålet direkte. Klagenemnda har ikke hatt noen sak om dette spørsmålet, men det foreligger en dansk klagenævnsak som omtales nedenfor.*
- (36) *Den rådende oppfatning synes å være at utskilte innkjøpsfunksjoner innen den juridiske person som utgjør oppdragsgiveren etter omstendighetene må godtas med den virkning at anskaffelsen regnes som foretatt av hver enhet og ikke av det overordnede organ. Noe annet gjelder hvis en enhet (f.eks. en innkjøpsentral eller kommunen ved rammeavtale) koordinerer kommunale innkjøp, FAD Veileder 2006 pkt 4.2.3. (s 51):*

"Hvis en enhet koordinerer kjøp for flere andre enheter, for eksempel gjennom en felles rammeavtale, må verdien av alle de planlagte innkjøpene sees i sammenheng ved beregning av terskelverdiene. Dette gjelder selv om de forskjellige enhetene ellers har selvstendig innkjøpsansvar. Reglene om omgåelse må også tas i betraktning hvis motivet for at enhetene inngår individuelle kontrakter er å omgå regelverket. Les mer om departementets vurdering i brevet til Vest-Agder fylkeskommune."

(37) Veilederen viser til en kjennelse 17. juli 2002 fra Klagenævnet for Udbud i Danmark (der en avdeling innen kommunen ble ansett som innkjøpsenhet, omtalt med tilslutning av S E Hjelmborg m fl EU Udbudsretten (2005) s 141-142) - og til uttalelser i forarbeidene til lovendringen i 2006 - Ot prp nr 62 (2005-2006) s 26 (i omtale av rettssubjektet for overtredelsesgebyr etter lovens § 7b):

"Avgrensningen av begrepet oppdragsgiver følger den samme avgrensning som i forskrift om offentlige anskaffelser. Denne avgrensningen er ikke nødvendigvis sammenfallende med avgrensningen av den aktuelle juridiske person som oppdragsgiver er en del av. Avgrensningen springer ut av en tolkning av forskriftens bestemmelse om beregning av anskaffelsens verdi (gjeldende forskrift § 2-3). I følge denne læren må det dreie seg om innkjøpsuavhengige enheter. Relevante momenter inkluderer selvstendig budsjett og innkjøpsansvar. Dette innebærer for eksempel at en skole, et departement og underliggende organer, kan være oppdragsgivere i lovens forstand."

Askvoll kommune har ein desentralisert innkjøpsfunksjon, med unnatak for avtalene vi har gjennom SFFI og det er difor den enkelte eining sitt innkjøp som skal danne grunnlaget for vurderinga om innkjøpet krev innkjøpsprotokoll etter forskrifta.

På den andre sida har revisor peika på fleire saker der det uavhengig av tolkinga ovanfor, er brot på forskrifta og rådmannen vil gje nokre kommentarar til desse:

- Kjøp på til saman kr.759 000 frå eit elektrofirma på ansvar omsorgssjef, bygg og eigedom og teknisk sjef.
Som nemnt i svarbrevet vårt av 19.12.13 er ein stor del av dette knytt til drift av eit vassverk i kommunen. I samband med at det er investert i nytt reinseanlegg på vassverket, vert det arbeidd med å legge om driftinga av anlegget. Den største utfordringa her er å finne gode løysingar for tilsyn/vedlikehald og reparasjon av leidningsnett som i stor grad ligg i sjøen.
- Kjøp på kr.403 000,- til pasientkøyning. Dette gjeld ein avtale om transport som krev bil som kan ta med rullestol. Det er berre ein av drosjebilane i kommunen som tilfredstiller krava og vurderinga er at det berre er ein tilbydar i marknaden. Det skulle likevel vore innkjøpsprotokoll på kjøpet.
- Kjøp frå vikarbyrå på kr.5,9 mill. Her har kommunen hatt ei rammeavtale utan føregåande anbodskonkurranse. Det vart forsøkt retta opp i 2013 ved at kommunen i februar 2013 sa ja til å vere med SFFI sitt anbud. SFFI lyste ut konkurranse 10. juli med tilbudsfrist 13. september. Denne vart seinare forlenga til 27. september. Vi fekk melding frå SFFI 18.september om at konkurransen var avslust. Askvoll kommune utlyste difor sjølv anbodskonkurranse på dette området hausten 2013. Anbudskonkurransen er ferdig, og det er inngått avtale med ny leverandør.

- Kjøp på kr.462 000,- frå firma som leverer varer og tenester til reparasjon av veglys, vassverk, avlaupsanlegg m.m. Som vedlegg til svar 19.12.13 frå Askvoll kommune viser, er dette ei rekke med småkjøp gjennom heile året fordelt på mange ulike oppdrag som gjeld feilsøk, reparasjonar og innkjøp. Rådmannen vil vurdere om utlysing av ei rammeavtale kan vere eit alternativ til dagens praksis.

Investeringsprosjekta

Når det gjeld investeringsprosjekta viser eg til ny dokumentasjon som vart sendt inn 27.01.14, jfr. kommentarar i starten av svarbrevet.

Om tilrådinga frå revisor og rådmannen sine framlegg til tiltak

Rådmannen er samd med revisor i at kommunen har eit forbettringspotensiale for innkjøpsområdet.

Fokus på informasjon og opplæring i regelverket for offentlege innkjøp og fylkesavtala gjennom SFFI vil verte prioritert i tida framover.

Innkjøp vert innført som eit kontrollpunkt i samband med budsjettkontrollane.

I tillegg til dette er det to vedtekne satsingar i administrasjonen som etter rådmannen sitt syn vil gje oss eit betre verktøy for å følgje opp arbeidet vidare:

- Kommunen vedtok i B-2013 å innføre eit elektronisk internkontrollsystem. Dette er under arbeid i eit samarbeidsprosjekt i Sysikt.
- Askvoll kommune har vedteke å ta del i eit fellesprosjekt i Sunnfjord med innføring av ehandel. Askvoll skal etter planen ta dette i bruk i løpet av 2015.

Andre merknader

Administrasjonen har opplevd godt samarbeid med revisor i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen. Vi har ikkje spesielle merknader til oppbygging eller språkbruk i rapporten.

Det hadde vore ønskeleg med betre tid til å vurdere innhaldet og gje tilsvaret, både til den førebelse og den endelege rapporten.

Med helsing

Håkon Loftheim
rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

Vedlegg: Svar på datainnhenting datert 19.12.13

12/14 NETTBRETT TIL KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat
Dato: 31.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Askvoll Kommunestyret	10.04.2014 -	12/14 -	- -	Nei Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Sak 07/14 Eventuelt, handsama i kontrollutvalet 31.01.2014

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet får tildelt nettbrett.

Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

NETTBRETT TIL KONTROLLUTVALET I ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ynskjer å gå over til bruk av nettbrett.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalsleiar er ansvarleg for saklista til kontrollutvalsmøta.

Kontrollutvalet har i sak 07/14 Eventuelt, handsama i møte 31.01.2014 gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet førebur sak til neste møte om innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet..

Kommunane i SYS IKT sitt område, kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn, har teke i bruk eller held på å innføre bruk av nettbrett for sine politiske utval.

Av kontrollutvala i SEKOM-området har kommunane Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal teke i bruk nettbrett.

Sekom-sekretariat har installert dei program som ein må ha for at vi skal kunne ta i bruk løysinga med nettbrett. Dette inkluderer verktøy til å lage, sende og ta imot dokument i det formatet som er påkravd ved bruk av nettbrett.

Ved innføring og bruk av nettbrett, bør kontrollutvalet også få innkallingar og/eller protokollar frå dei andre utvala tilsende, slik at dei kan lese desse på nettbrettet.

Ved innføring av nettbrett, bør det også liggje til rette for at ein ikkje sender ut dokument i papirformat.

Sekretariatet sine vurderingar:

Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør be om å få tildelt nettbrett.

Dersom kontrollutvalet får utdelt nettbrett. Tilrår vi at kontrollutvalet får opplæring i samband med første møtet etter at brettet er utlevert.

13/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 ASKVOLL

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.04.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Askvoll	10.04.14	13/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 2-2014 Askvoll.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 2-2014 vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/ Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 7.2.2014.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på siste møte vert ståande som informasjon til neste møte.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2014 - Askvoll.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Askvoll kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker på siste møte vert ståande som info til etter neste møte i kontrollutvalet.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09		10.12.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
Sak 01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	31.1.2014		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent
Sak 02/14 Skriv og meldingar	31.1.2014		Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til vitande
Sak 03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Askvoll	31.1.2014		Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll for 2014 vert godkjent, med følgjande vidare datoar: 10. april, 19. mai, 18. september og 5. desember.
Sak 04/14 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit	31.1.2014		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Askvoll kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek revisjonssjef forvaltning for Askvoll kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek operasjonell/utøvande finansiell revisor for Askvoll kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 7.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisor for Askvoll kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 2.01.2014 til vitande. Saka vert sendt til kommestyret til orientering.
Sak 05/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune	31.1.2014		Vedtak: Saka vert utsett til nytt møte i kontrollutvalet 10.4.2014.
Sak 06/14 Oppfølgingsliste 1-2014	31.1.2014		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 vert teke til vitande
Sak 07/13 Eventuelt	31.1.2014		Vedtak: Kontrollutvalet førebur sak til neste møte om innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ikkje innvendingar mot at møta startar kl 9.30
Oppdatert 7.2.2014 arva			

14/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.04.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Askvoll	10.04.2014	14/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.